

# Os kyrkjeblad



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd | Nr. 1 | 2023 | 78. årgang



| KONFIRMANTAR 2023 | VÅRKALENDER | FRÅ UKRAINA TIL ESTLAND |

# NÆR KRISTUS NÆR KVARANDRE NÆR KVARDAGEN

## Inn for å sjå verda utanfor

I blant kan kyrkjerommet kan vere godt å trekke inn i for å finne ly for våret - og verda - utanfor. Ein stad der ein hutrande rister paraplyen i våpenhuset, eller rister av seg ein kvardag med litt for mykje kav og krav. Ein stad for å vende seg innover, finne ro, refleksjon og stillheit. Det er fint at kyrkja vår kan vere ein slik stad.

Andre gonger treng vi noko anna enn berre å vende oss innover. Vi treng å få eit nytt utblikk, nye perspektiv på omgjevnadane våre, og korleis den eg er kan gjere livet betre for medmenneska i kring meg, ikkje berre ved sida av meg i kyrkjebenken, men òg på bussen, i kassakoen, på gata, og i eit krigsherja eller katastroferamma område langt unna. Å gå i lære hjå Jesus utfordrar oss til å vende blikket utover. I vår har bilete frå Kirkens Nødhjelp hengt inne i Tunet, på ytterveggen langs kyrkjegarden - og inne i kyrkjerommet. Vi sette opp utstillinga slik fordi å stå i Guds hus får oss til å sjå verda frå ein anna synsvinkel enn ellers. På framsida denne gongen ser ein både verda utanfor vindaugen, og verda slik Kirkens Nødhjelp sin fotograf kan fortelle om den. Og sjølv når utstillinga er teke ned håpar eg vi kan halde fram med tre inn i kyrkjerommet, både på Os og på Nore Neset, for å sjå verda utanfor med nye øye og sendast ut til teneste. Det er liten tvil om at det trengst.

Denne utgåva av kyrkjebladet har både forteljingar frå veneskapskyrkjene våre i Estland, liste over årets kull med konfirmantar og ein fyldig våkalender som du kan henge opp, om du vil.

God lesnad!



**Sigurd Rotvik Tunestveit**  
Dagleg leiar, Os sokn

 DEN NORSKE KYRKJA  
Os kyrkjelyd

Os kyrkjeblad kjem ut tre gonger i året, og vert sendt som informasjon til alle heimar i Os.

**Utgjevar**  
Os sokneråd  
Postboks 209, 5202 Os

**Soknerådsleiar**  
Bente Brøvig Strømme  
bentebstromme@gmail.com

**Redaksjonsleiar**  
Sigurd Rotvik Tunestveit  
st575@kyrkja.no

## | Os kyrkjeblad

**Nettside**  
[www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)

**Kommunikasjonsmedarbeidar**  
Martin Bakke Slåttsveen  
mb369@kyrkja.no

**Opningstid kontor**  
Øyro 49, 5200 Os  
Måndag-tysdag og torsdag-fredag 10-14, onsdag stengd

**Kontakt**  
Tlf.: 56 57 24 00 | E-post: [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)

# **Min nåde er nok for deg, for kraften fullendes i svakhet.**

**2. Kor 12,9**

Sprekkene. Svakheten.  
Det som aldri blir bra nok.  
Sett med egne øyne.

Med Guds øyne endres alt.  
Han snur det opp-ned.  
Svakheten blir en styrke.  
Sprekkene en nødvendighet.  
Det umulige en mulighet.

Hele Bibelen er stappfull av dette.  
Miraklene som skjedde.  
Hos enkeltmennesker.  
For folkemengden.  
I GT og i NT.  
Gud har til alle tider  
elsket å vise sin omsorg  
for oss mennesker.  
Han vil så veldig gjerne ha plass i våre  
liv.

MEN. Hvis det

IKKE fantes sprekker  
ingen svakhet  
ingen umulighet  
-hvor skulle vel Han da få plass?

«...men han svarte: «Min nåde er nok for  
deg, for kraften fullendes i svakhet.»  
2.Kor. 12,9

Gi det ufullstendige og umulige til Gud.  
Og la Han gjøre nettopp DET til en  
mulighet.  
Til å vise sin omsorg for deg.  
Og for dem rundt deg.



**Elisabeth Saxe Vinkler**  
Trusopplærar og frivilligkoordinator  
Instagram: @elisabethsaxevinkler

# Vår grøne kyrkjelyd

## Forsida

Frå Kirkens Nødhjelp-utstillinga "Ser alt du er" i Os kyrkje og Tunet  
mars 2023. Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit

## Trykk

Aksell | Opplag 9192

## Abonnement

Bladpengar (frivillig) kr. 200/år  
Bankgiro 3201 53 26354  
Vipps 20250 | Merk betalinga "Bladpengar"  
Kontakt oss for utanbygds abonnement (kr. 300/år)



Trykkeri  
2041 0379



# GLIMT FRÅ KYRKJELYDEN



Mange besøkte utstillinga "Ser alt du er" frå Kirkens Nödhjelp i Os kyrkje og Tunet i fastetida.  
(Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)



KN-fotograf Håvard Bjelland presenterte utstillinga og KN sitt arbeid på utstillingsopninga 5. mars (Foto: Nora F. Trippestad / Midtsiden)



Dei 24 biletene har tekstfølge frå poet Trygve Skaug, som òg har tilknytning til Os frå si tid som elev ved Kongshaug Musikkgymnas (Foto: Nora F. Trippestad / Midtsiden)



Praten og latteren sit laust kring bordet på formiddagstreff for seniorar i Nore Neset kyrkje.  
(Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)

Det er godt å vera utsendt fotograf til seniortreff i Nore Neset kyrkje når den hemelaga eplekaka kjem på bordet... (Foto: Sigurd Rotvik Tunestveit)



Om lag 60 konfirmantar frå Os deltok på leiren konfACTION Vest 2023 på Framnes VGS i februar. (Foto: KRIK)





*"Trommelars"* skapar musikkglede og (litt ekstra) liv og røre på KFUK-KFUM Åpen barnehage i Tunet om lag ein tysdag i månaden (Foto: Jan Frode Sandvik)




Gro Helen og Roar i skisporet på leirheilg med ungdommane på Fjøn Fjellkyrkje (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)



Join Us framførte "Hjerteknuser" frå scena på Vinterfestivalen på Voss i februar. (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)

Vanskelege køyreforhold leidde til spontan teambuilding på veg til ungdomshelg på Fjøn Fjellkyrkje (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)



Solidaritetskonserten til inntekt for ofra i Ukraina i desember 2022 fekk dekning frå m.a. NRK Vestland, og det kom inn over 70.000 kroner i laupet av kvelden (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)



Isak og Ann Katrin i leir-modus på Vinterfestivalen 2023 på Voss i februar. (Foto: Martin Bakke Slåttsveen)



KFUK-KFUM  
**OPEN BARNEHAGE**  
Osøyro



Foto: Anne Stiegler

Open barnehage på tysdagar i Tunet er ein veletablert møteplass og barnehagen er inne i sitt fjortande driftsår på Os. Tysdagar i skuleåret fyllast Eldstova og Spiegelen av barn og vaksne som skapar liv og røre i kyrkjelydshuset vårt. Det er KFUK-KFUM i Bjørgvin krets som eig og driv Osøyro Open barnehage, med barnehagelærar Anne Stiegler og styrar Jan Frode Sandvik i teamet. Men med tilhald i våre lokalar og eit godt samarbeid med kyrkjelydsstabben barnehagen nærrast som ein del av vårt eige tilbod for småbornsfamiliar å rekne. Dei som kjem til Open barnehage vert inviterte til andre tilbod og aktivitetar for deira aldersgruppe i kyrkjelyden, og dåpsborn får invitasjon og informasjon om Open barnehage som eit godt tilbod i oppstartsfasen for både foreldre og born. Her møter ein leikekameratar og born i barnehagealder, og dei vaksne finn òg gjerne nokon "i samme båt" å veksle nokre ord med.



Nytt av året er òg at babysang-tilboden i Tunet no er ein del av Open barnehage sitt tilbod på tysdagar. Slik får fleire høve til å delta og bli kjent med dette tilboden for dei heilt små. Påmelding til babysang-gruppa skjer via Os kyrkjelyd si nettside, men det er òg mogleg å hive seg med om ein berre er innom.

Barnehagelærer Anne og styrar Jan Frode deltek på relevante fagdagar i regi av Os kommune, samt Nettverk for de Åpne barnehagene i Bergen og omegn. Med på laget er dessutan ein volontør frå tysk KFUM som ein del av Erasmus+ programmet.

I fjor var det 109 ulike barn innom Tunet desse tysdagane. Totalt fekk vi besøk av 883 barn og vaksne. Det er plass til fleire, og besøkstala er framleis ikkje heilt attende til tida før pandemi. Os kyrkjelyd og KFUK-KFUM Open Barnehage Osøyro vil skape åpne og trygge fellesskap for flest mogleg!

Tekst: Jan Frode Sandvik / Sigurd Rotvik Tunestveit

Den smått magiske musikaren "Trommelars" har vore innom Open barnehage om lag ein gong i månaden denne våren og har ein interaktiv musikkleik med trommer, rytmer og lydar, til stor glede for både store og små. (Foto: Jan Frode Sandvik)

# HØGTID I OS KYRKJELYD

Påska er ei stor og viktig høgtid i kyrkja. Vi feirar Jesu siger over døden, som gjer at vegen til Gud ligg open for oss. Ei rekkje bibelforteljingar har sitt opphav i påskeveka, frå palmesundag til påskedag. Vi inviterer deg til å ta del i feiringa og undringa i våre fellesskap gjennom denne høgtida!

## DET SKJER I PÅSKA:

### **MÅNDAG 27. MARS - OS KYRKJE**

Kl. 17.00 "OPPLEV PÅSKA" - påskevandring for born fødd i 2018 og deltakarar på trusopplæringstiltaket "HEILT FØRSTEKLASSES"

### **TYSDAG 28. MARS - OS KYRKJE**

Kl. 10.00 Skulegudsteneste med Os barneskule - men open for alle!

### **PALMESUNDAG 2. APRIL - OS KYRKJE**

Kl. 11.00 Familiegudsteneste. Kyrkjekaffi i Tunet etterpå.

### **SKJÆRTORSDAY 6. APRIL - LURANETUNET**

Kl. 11.00 Gudsteneste

### **SKJÆRTORSDAY 6. APRIL - NORE NESET KYRKJE**

Kl. 19.00 Gudsteneste

Det blir felles kveldsmåltid i kyrkerommet etter gudstenesta.

### **LANGFREDAG 7. APRIL - OS KYRKJE**

Kl. 11.00 Open kyrkje for refleksjon og meditasjon

Kl. 12.00 Pasjonsgudsteneste

### **1. PÅSKEDAG SUNDAG 9. APRIL - OS KYRKJE**

Kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Kyrkjekaffi i Tunet etterpå.

Kl. 17.00 Gudsteneste i samarbeid med Søndaggassamling for menneske med psykisk utviklingshemming og andre. Alle er velkommen!

### **2. PÅSKEDAG 10. APRIL - SMIEVÅGEN**

Kl. 12.00 Friluftsgudsteneste for store og små

Bålkos og grilling etter gudstenesta - ta med eigen mat!

Medan påska er ei velkjend høgtid for dei fleste, er det nok mange som er mindre merksam på pinsen - det som skjedde 50 dagar etter hendingane i påska. Ordet "pinse" stammer opprinnleig frå det greske *pentecosté*, som tyder nett "femtiande". Vi feirar at Gud sende Den Heilage Ande til menneska og slik er midt i blant oss i våre fellesskap. Tradisjonen tru blir det òg i år mellom anna gudsteneste i Lyseklostera kapell i pinsehelga.

## DET SKJER I PINSEN:


### **1. PINSEDAG SUNDAG 28. MAI - OS KYRKJE**

Kl. 11.00 Høgtidsgudsteneste. Kyrkjekaffi i Tunet etterpå.

### **2. PINSEDAG MÅNDAG 29. MAI - LYSEKLOSTER KAPELL**

Kl. 11.00 Gudsteneste

Endringar kan koma - følg gjerne med på kalenderen vår på nettsida [www.kyrkja.no/os](http://www.kyrkja.no/os)!



Vangskyrkja midt i Voss sentrum er flott utanpå og minst like flott inn!

# VINTER FESTIVAL



I år kunne Bjørgvin KFUK-KFUM igjen invitere til Vinterfestival på Voss, etter to år utan festival. Fredag 10. februar reiste 24 glade og forventningsfulle ungdommar frå JoinUs til Voss for å vere med på vinterfesten. Og fest vart det!

Då vi kom til Voss om fredagen vart vi innkvartert på ungdomsskulen. Sjølv om vi var mange som skulle dele rom, fekk alle plass til madrassen sin. Etter kveldsmat i Nain, gjekk turen til kveldssamling i Vonheim, som var helgens samlingsstad.




Smilet sat laust hjå både Oliver, Isak og festivalprest Thor Håvik.

Under samlinga var det allsong, og ei andakt frå festivalprest Thor Haavik. Temaet for kvelden var at då Gud skapte verda, hadde han inkludert kvar og ein av oss i planane sine. Kveldssamlinga vart ein fin og roleg start på helga.

Neste morgen møtte ein trøytt gjeng ungdommar opp til dagens første frokostpulje. Fleire av oss kjente på at søvnkvaliteten ikkje var like god på luftmadrass som det vi er vane med heime. Men humoret var likevel godt, og etter ein matbit var vi var klare for en ny dag på festival.

Etter frukost var det klart for opningsshownet på festivalen. Her lærte vi mellom anna festivaldansen for Vinterfestivalen 2023, som vi fekk sjansen til å danse mange gongar gjennom helga. Etter både allsong og andakt, gjekk festivaldeltakarane til aktivitetgruppa dei hadde valt. Her fanst det mellom anna baking, ski, vokal, band, foto, brettspel og gaming. Noko for ein kvar!



Stemningsfullt på kveldssamling på Vonheim

## UNGDOMSTUNET

### JOINUS (KOR, BAND, DANS, MATLAGING)

Tid: Onsdagar klokka 18.30-21

Stad: Tunet

### KRIK OS

Tid: Fredagar 18-19.30

### Ungdomsarbeidar

Hanne Terese Skjervheim  
Tlf. 99 08 54 75 | e-post

### BLI MED PÅ HAPPENING!

Happening er fredagskvelder med ope hus for ungdom frå 8. trinn og ut vidaregåande skule. Det blir servert mat, og vi har plass til alle - anten du vil vere med på liv og røre eller berre slappe av i lag. Her er du velkommen!

Dataar før sommaren: 14. april, 28. april, 26. mai, 9. juni (som-margalla) og 16. juni.

Tid: Klokka 20-23

Stad: Tunet kyrkje- og kultursenter

Les meir og følg oss på



@ungdomstunet | [www.ungdomstunet.net](http://www.ungdomstunet.net) | /ungdomstunet

Seinare på laurdagen var det globalmarked i salen på Vonheim. Alle einingane hadde kvar si bod, der inntektene gjekk til KFUK-KFUM Globalaksjonen. I 2023 er Tanzania og Palestina innsamlingsland, med fokus på inkludering og deltakelse for born og unge. Hos JoinUs kunne ein leige ein mygg i 1-3 minutt, noko som viste seg å vere ein populær vare. Nokre av festivaldeltakarane kjøpte fleire mygg til utvalde personar. JoinUs bidrog med å samle inn rundt 1500 kroner til Globalaksjonen. Andre einingar hadde boder som tilbaud mellom anna frisør, massasje, lykkehjul, ansiktsmalning og fiskepinnar. Det var også mogleig å leige ein kjærast til seg sjølv, eller til andre festivaldeltakarar. Globalmarknaden vart eit at festivalens sine klare høgdepunkt.

Kveldsshowet på laurdagen var enda eit av festivalens høgdepunkt. Under showet var fleire av einingane på scenen for å framføre ei song. JoinUs var siste gruppa ut med songen «Hjerteknuser» av Kaizers Orchestra. Det var kjekt å sjå og høre dei dyktige ungdommene i JoinUs oppe på scenen. Det vil være mogleig for fleire å oppleve dette på JoinUs si vårkonsert i tunet onsdag 24.mai.



Benjamin var nøgd med opplegget på årets festival.



Godt humor og i bakegruppa.

På sundagen avslutta vi festivalen med gudsteneste i Vangskyrkja. Festivalprest Thor Haavik leia gudstenesta, og festivalens husband og forsangerar leia oss gjennom eldre og nyare salmar. Årets vinterfestival baud på lite søvn, mykje moro, spontan allsong saman med fleire einingar i gangane på ungdomsskulen, nye venskap, og Ungdomstunet sin "signatur" tru og glede i godt fellesskap!

Vi gler oss til festival neste år!

Tekst: Hanne Terese Skjervheim  
Foto: Martin Bakke Slåttsveen

# KONFIRMAN<sup>†</sup> NESTE ÅR?



Trur? Tvilar? Usikker? Berre nysgjerrig?  
Du er i alle fall velkommen som konfirmant i Os kyrkjelyd!

I konfirmasjonstida får du moglegheita til å utforske mange viktige spørsmål, du får du lære meir om **Gud og deg sjølv**. Mange får nye venner, eller blir bedre kjent med gamle venner.

Kyrkja er eit stort **fellesskap** der vi møter kvarandre med **respekt** for den vi er. Uansett kor like eller forskjellige vi er, så er alle like viktige for oss!

**Påmeldinga opnar i mai!**

Vi sender ut brosjyre til dei som er døypte og står i våre register.

Men alle kan finne informasjon på nettsida vår **kyrkja.no/os** eller ved å scanne denne:

**INTERESSERT?**

Kom på informasjonsmøte **MÅNDAG 12.JUNI kl. 18.00** i Tunet!



# Konfirmantane i Os kyrkjelyd 2023

Laurdag 6 . mai 2023

Nore Neset kyrkje

*Kl. 10.30*

Axel Døsen

Celine Alexandra Kleppe Rosendahl

Erle Grindenvoll Fogge

Fredrik August Lyngsgård

Kristina Sæthre Lekven

Lisa Ljones-Lindén

Mathilde Viken Johansen

Simon Kvam

Synne Seilen

Viljar Stang

William Korsnes Norvard

*Kl. 12.00*

Ally Simm Hjartholm

Erlend Hjelle

Håkon Wallevik

Jaran Berge

Julie Staverløkk Andersen

Linnea Kalberg Glover

Maria Bertelsen

Markus Ørn Børve

Mia Storum Nybøe

Natalie Kolaas Rød

Sara Brodahl Brodahl

Tobias Nikolai Bøgevik Lunde

*Kl. 13.30*

André Tyse Haugland

Andreas Leon Opedal

Annie Sofie Ask

Camilla Rabben Bøthun

Christian Tyse Hatlem

Evander Rangset

Jonatan Nyhamn Olsen

Kaya Nordvik

Linnea Dyrstad

Lucas Åsheim

Nikolai Austevoll Bolstad

Oscar Monge Gusland

Tinie Andrea Bjørke

Sundag 7. mai 2023

Os kyrkje

*Kl. 10.30*

Aurora Isabell Naustdal Sjøbø

Benjamin Martin Aase

Birk Neteland

Filip Alexander Lyngsgård-Monsen

Hedda Rennehvammen Håland

Ivar Andreas Aase Andersen

Kari Midtbø

Marie Grote Dreyer

Sigurd Barman Teige

Torjus Døsen Dahl

Vilde Rød Gulbrandsen

*Kl. 12.00*

Angelica Havsgård Løland

Casper Søvik Carlsen

Christina Reiertsen Mjelde

Emma Askvik Mikkelsen

Frida Ekerhovd Mjølkeråen

Gabriel Fredriksen

Helene Kristin Traavik

Henrik Helland

Ida Koldal

Jonathan Rød

Kine Lyssand

Kristina Sæthre Lekven

Kristjan Søfteland-Larsson

Lasse Skaatun

Lucas Peters-Sagstad

Maren Elise Sævareid Sævareid

Mike Markhus Tonheim

Noah Antonio Tveit

Sarah Flint Haugland

Sarah Isabell Bergo Moberg

Sebastian Sande Berge

Storm Sørvik Bøthun

Tilde Skromme

Tuva Marie Lothe

*Kl. 13.30*

Amine Lill Victoria Johansen

Cecilie Vaktdal

Daniel Høvdig Øvreeide

Ellen Louise Waage

Gabriel August Tveit Lamark

Johan Mitsem Samdal

Jonathan Rykkje Hjellvoll

Mathias Aadland

Noah Monsen

Pernille Lunde Bruarøy

Ruben Stensen Haug

Siril Haugland-Bergh

Theodor Fehr Nævdal

William Reiertsen

William Dørmænen Øyjordsbakken

William Tangen Haugland



# Laurdag 13. mai 2023

Os kyrkje

## Kl. 10.30

Emil Andreas Heggland  
Emma Eline Sætevik  
Henrik Tøtli Brimsholm  
Haakon Groth-Bugge  
Ingrid Nora Tøtli Brimsholm  
Jakob Nøss Solskjær  
Kristian Hjartholm Foer  
Mads Lund Halland  
Mari Wiik Søreide  
Marius Frotveit Sælensminde  
Matias Dahlberg  
Nickolai Kyrkjeteig Pedersen  
Ole Nedrelid Øvredal  
Oskar Midtlid  
Sander Olai Kobbeltvedt  
Sebastian Malmedal Birkeland  
Synnøve Kaspara Palm Frantzen  
Thomas Johannes Bjordal Salbu  
Vegard Haddal Spangelo

## Kl. 12.00

Aron Brensdal Stoknes  
Daniel Neteland Skår  
Emely Borgen  
Emma Mannsåker Hisdal  
Frida Berge Steinsland  
Ingrid Sofie Hauge  
Isac Kanebog Johannessen  
Kira Sofie Hopland Gjerde  
Leah Kristiansen  
Lianha Storaker Melling  
Maja Sørås Hjelle  
Martin Nygard Nygard  
Mina Gaassand Tvedt  
Nicolas Lygre Teigen  
Nikolai Skaatun  
Noah Bøthun Sulen  
Pernille Mjånes Lund  
Sara Kvagardsnes  
Siljan Onstad Ottervik  
Siri Margrethe Graves  
Synne Hjertaker  
Tormod Igland Lund  
Vegard Øye  
Ylva Sande Svortevik

## Kl. 13.30

Alexander Norbeck  
Alicia Supapat Berentzen  
Anja Lyssand Aasen  
Camilla Norbeck  
Daniel Davidsen-Tingvatn  
Elliot Walden Michelsen  
Emily Nicole Panayotova Særvoll  
Emma Lund Smedsvig  
Erik Breivik  
Eskil Mathisen Mathisen  
Håvard Stangeland Lunde  
Ingrid Oltedal Lunde  
Isabella Lande Faller  
Karina Hjelle-Søfteland  
Katrine Carmona Vaktdal  
Kjetil Mehammer  
Kristoffer Strønen Berglund  
Maria Lekven  
Marielle Skaar Solholm  
Martin André Bach Lutro  
Raymond David Haugland  
Sindre Langhelle Lien  
Ursula Renate Rubatscher-Schouw



# Sundag 14. mai 2023

Nore Neset kyrkje

## Kl. 12.00

Adam Skeie  
Andrea Solberg Hernes  
Asgeir Fykse Haga  
Ingse Hagevik  
Kristian Dahl-Nybø  
Linn Kristin Vevatne  
Marcus Skorpen Kaastad  
Marte Røed Vargervik  
Noah Solbakken Hansen  
Per Bolstad  
Sondre Pedersen Matre  
Tobias Mathisen

**Til lukke med  
konfirmasjonsdagen!**

**Helsing Os kyrkjelyd**

## Kl. 13.30

Herman Johnsen Hanevik  
John Harald Sigurjonsson  
Oliver Johnsen Hanevik  
Torbjørn Morfjord Valen  
Trond Sigurjonsson

# Vårkalender

Napp ut og  
heng opp!

## MÅNDAG

## TYSDAG

## ONSDAG

T

<b>27</b> <i>mars</i> Opplev påska <i>Os kyrkje</i> Speidaren	<b>28</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Foreldre møter foreldre <i>Tunet</i> Prosjektkor til påske <i>Tunet</i>	<b>29</b> Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	<b>30</b>
<b>3</b>	<b>4</b>	<b>5</b>	<b>6</b> Skjærtorsda
<b>10</b> 2. påskedag  <i>Smievågen 12</i>	<b>11</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	<b>12</b> Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	<b>13</b>
<b>17</b> Speidaren	<b>18</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Open kyrkje (handarbeid) <i>Nore Neset</i>	<b>19</b> Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	<b>20</b>
<b>24</b> Speidaren	<b>25</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Foreldre møter foreldre <i>Tunet</i> Kveldsbibelskule <i>Nore Neset kyrkje</i>	<b>26</b> Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	<b>27</b>
<b>1</b> Arbeidaranes dag <i>mai</i>	<b>2</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i>	<b>3</b> Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	<b>4</b>
<b>8</b> Speidaren	<b>9</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Prosjektkor jazzmesse	<b>10</b> Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	<b>11</b>
<b>15</b> Speidaren	<b>16</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Prosjektkor jazzmesse	<b>17</b> Grunnlovsdag  <i>Os 10</i>	<b>18</b> Kristi him
<b>22</b> Speidaren	<b>23</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i> Prosjektkor jazzmesse Kveldsbibelskule <i>Nore Neset kyrkje</i>	<b>24</b> Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	<b>25</b>
<b>29</b> 2. pinsedag  <i>Lysekloster kapell 11</i>	<b>30</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i> Prosjektkor jazzmesse	<b>31</b> Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	<b>1</b> <i>juni</i>
<b>5</b> Speidaren	<b>6</b> Seniortreff <i>Nore Neset kyrkje</i>	<b>7</b> Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	<b>8</b>
<b>12</b> Infomøte for konfirmantar 2024 <i>Tunet</i> Speidaren	<b>13</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i>	<b>14</b> Strikk til <i>Tunet</i> JoinUs	<b>15</b>
<b>19</b>	<b>20</b> Open barnehage   Babysong <i>Tunet</i>	<b>21</b> Skapingsdagane	<b>22</b>
<b>26</b>	<b>27</b>	<b>28</b>	<b>29</b>

Aktivitetane foregår i *Tunet* om ikkje anna er nemnt. Sjå nettsida [www.kyrkjedalen.no](http://www.kyrkjedalen.no)

## ORSDAG

## FREDAG

## LAURDAG

## SUNDAG

Babysong Nore Neset KOReDu	<b>31</b>  KRIK	<b>1</b> <i>april</i>	<b>2</b> Palmesundag   <i>Os 11</i>
g   <i>NN 19</i> Kveldsmat Nore Neset	<b>7</b> Langfredag   <i>Os 12</i>	<b>8</b>	<b>9</b> 1. påskedag   <i>Os 11</i>
Babysong Nore Neset KOReDU Tweens	<b>14</b>  Fredagstaco KRIK Happening	<b>15</b>	<b>16</b>   <i>NN 11</i>   <i>Os 11</i> Aldri Åleine
Babysong Nore Neset Senior-Koinonia KOReDU   ShubaDubs	<b>21</b>  KRIK	<b>22</b>	<b>23</b>   <i>Os 11</i> Årsmøte Os sokn 13
Babysong Nore Neset KOReDU Tweens TiTT	<b>28</b> Vårfest Nore Neset kyrkje KRIK Happening	<b>29</b>	<b>30</b>   <i>Os 10 + 11.15</i>   <i>NN 11</i>
Senior-Koinonia KOReDU ShubaDubs	<b>5</b>  KRIK	<b>6</b>   <i>NN 10.30 + 12 + 13.30</i>	<b>7</b>   <i>Os 10.30 + 12 + 13.30</i>
KOReDU Tweens	<b>12</b>  KRIK	<b>13</b>   <i>Os 10.30 + 12 + 13.30</i>	<b>14</b>   <i>NN 12 + 13.30</i> Søndagssamling Aldri Åleine
melfartsdag	<b>19</b>  Fredagstaco	<b>20</b>	<b>21</b>   <i>NN 11</i>
KOReDU ShubaDubs	<b>26</b>  KRIK Happening   Konsert JoinUs	<b>27</b>	<b>28</b> 1. Pinsedag   <i>Os 11</i>
KOReDU Tweens	<b>2</b>  KRIK	<b>3</b>	<b>4</b>   <i>Os 11</i>   Jazzmesse
	<b>9</b>  Fredagstaco Happening   Sommargalla	<b>10</b>	<b>11</b>   <i>Os 10 + 11.15</i>
	<b>16</b>  KRIK Happening	<b>17</b>	<b>18</b>   <i>Os 11</i> Kyrkjelydens sommarfest
Skapingsdagane	<b>23</b>   <i>Os 14</i>   Skapingsdagane	<b>24</b>	<b>25</b>   <i>Os 11</i>
	<b>30</b>	<b>1</b> <i>juli</i>	<b>2</b>   <i>Os 11</i>

a.no/os for oppdateringer, detaljar og påmelding!

DEN NORSKE KYRKJA  
Os kyrkjelyd

# KYRKJA PÅ FJELLET



Saku i Estland er kva vi i Noreg vil kalla ein “soveby”. Ei bygd med om lag 10000 innbyggjarar, og 14000 totalt i kommunen. Det tar 42 fine pendlarminuttar med tog til hovudstaden Tallinn. Saku har Rimibutikk (Ja, Rimi lever i beste velgåande i Baltikum), gymnas, skiløype og ølbryggeri. Og ei kyrkje. Men slik har det ikkje alltid vore. St. Thomaskyrkja i Saku blei vigsla så seint som i 2021, og er heim til den nyaste kyrkjelyden i Den evangelisk-lutherske kyrkja i Estland (EELK).

## **Historia om St. Thomas' kyrkjelyd i Saku**

startar med eit lite, grønt bedehus. Her held brødrekirkjelyden til. I Sovjettida blei bedehuset beslaglagt og gjord til posthus. Kyrkjelyden fekk huset tilbake då Estland vart selvstendig att i 1991. Kyrkjelyden besto då av ein handfull eldre menneske. Kva skulle dei gjere no? Kva kunne dei gjere? Dei kunne be. Og ba gjorde dei. Om at det skulle koma unge menneske til Saku som kunne byggja kyrkjelyd.

### **Ein kyrkjelyd blir planta**

Midt på 2000-talet var det ein gjeng unge vaksne frå Hageri kyrkjelyd i Tallinn som var på tur gjennom Saku. Dei såg at det hang veldig mange ungdommar rundt om i bygda. Dei stoppa og snakka med ungdomane. Det var den spede byrjinga til St. Thomas' kyrkjelyd som vart offisielt stifta i 2012. Dei gamle i brødrekirkjelyden såg at bønene deira hadde fått svar, og lånte bedehuset gratis ut til den nye kyrkjelyden.

### **Kyrkja på fjellet**

Prest i St. Thomas' i Saku er Magne Mølster. Han er utsending frå Det Norske Misjonsselskap (NMS) saman med kona Ave. Han fortel korleis Saku fekk kyrkje. – Det er jo først og fremst eit bønesvar, kjempa fram av bønene til bønekjempene i bygda. Vi fekk tomta av kommunen, men byggjekostnadane har vi stått for sjølv.

Kyrkja ligg på andre sida av bygda i forhold til det gamle bedehuset, på toppen av ei høgd. Estland er eit flatt land, så denne høgda er nesten som eit fjell å rekne. I alle fall tenkjer ein på Jesu ord i Bergpreika:

**De er lyset i verda! Ein by som ligg på eit fjell kan ikkje gøymast.**

Matt 5,14



Over: Sokneprest Roar (dåverande kapellan) fekk lysa vel-signinga over kyrkjelyden på gudsteneste utanfor bedehuset i Saku i august 2019. Etter at kyrkja stod ferdig er bedehuset no utan aktivitet, og vil sannsynlegvis bli lagt ut for salg



Over: Thomaskyrkja under oppføring i 2019

Venstre: Prest i Saku, Magne Mølster

Kyrkjelyden i Saku har no vorte 10 år. Dei har no fått kyrkje. Kva er utfordringane vidare? ➔

På vitjing i Estland møtte vi øg Tiina Klement (biletet) som fortalte om arbeidet i kyrkja i Mustamäe.



### Flyktningar og prosjektavslutning

- Ei av dei aller største utfordringane akkurat no er krigen i Ukraina, seier Magne. Det blir understreka av Kadri E. Pöder som er sekretær for internasjonale og økumeniske relasjoner i EELK. – Estland har tatt imot om lag 100.000 ukrainske flyktningar. Av desse har om lag 60.000 blitt verande i Estland. Estland har 1,3 millionar innbyggjarar, inkludert om lag 300.000 etniske russarar. Landet har dermed fått ei kjempeutfordring med ein så stor del flyktningar fra Ukraina. Denne utfordringa har estarane teke på strak arm. Blant dei som har vore i front i mottak og hjelp til flyktningar er EELK. I Saku har dei lånt ut delar av kjellarlokala til ein midlertidig barnehage for ukrainske born, og dei har også hatt flyktningar buande i ein hybel i kjellaren. – I tillegg bur det ein ukrainsk pilot i Saku som flyr forsyninger inn til Ukraina. Varene blir samla inn og lagra i kyrkja, fortel Magne.

Ei anna utfordring ligg i at NMS i 2025 vil avslutta prosjektet med kyrkjebygg i Saku, og fokusera på andre prosjekt i Estland. Det er heilt i tråd med NMS sin strategi. Dei forskjellige kyrkjene i misjonslanda skal ikkje vera avhengig av NMS. For Magne, Ave og familien blir det også ei personleg utfordring. Dei er tilsett av NMS. Kva skal dei gjere når NMS avsluttar prosjektet i Saku? Fortsetje i Saku som dei elskar, men med EELK som arbeidsgjevar, eller jobba vidare i eit nytt NMS-støtta prosjekt?



Osingar på gudsteneste utanfor bedehuset i Saku, august 2019



Roar og Svante på tur med prestekolleger fra heile prostiet til venskapskyrkjene våre i Estland i januar i 2023.

### Venskapsband til Os

Os kyrkjelyd har hatt ei link til Estland sidan 1992, då kyrkjelyden starta å senda eitåringar for å starta og driva ten sing. I dag har kyrkjelyden to venskapskyrkjelyder i Estland: St. Thomas' i Saku og Maria Magdalena kyrkjelyd i Mustamäe i Tallinn. Vi bed for kyrkjelydane på gudstenestene våre, og representantar for kyrkjelyden har vore på besøk (Sist ein ungdomstur saman med Birkeland og Sædal i 2019), og vi har også hatt besøk frå Estland til Os. Vi håpar at venskapsbandet mellom kyrkjelydane våre vil vara, at vi kan besøka kvarandre, læra av kvarandre og ikkje minst framleis be for kvarandre.

**Roar Hallesby Evjedal  
Sokneprest**

# OPPSTARTSPRAT

1. april startar Anna Cecilie Norlund Oksavik i jobben som organist i 60 % stilling i Os sokn.



- **Hei! Kan du fortelle litt om deg sjølv?**

- Eg heiter Anna Cecilie Norlund Oksavik. Eg bur i Bergen med mannen min og dottera vår på tre år. Dei siste fem åra har eg jobba som organist i Lindås i Alver kommune.

- **Kan du skildre deg sjølv med tre velvalde ord?**

- Då går eg for kreativ, musikalsk og omsorgsfull.

- **Kva gler du deg til i den nye jobben?**

- Det blir veldig kjekt å jobbe med musikk i kyrkjene, og eg ser fram til å bli kjent med nye menneske og kyrkjelyden!

- **Det gjer vi òg! Sidan du er musikar, må det neste spørsmålet bli: Kva musikk liker du sjølv å lytte til?**

Eg lyttar til mykje forskjellig, men er veldig glad i klassisk musikk og likar å høre på det når eg skal koble litt av.

- **Kva gjer du helst på fritida?**

- Eg er glad i å vere ute på tur i skog og fjell. Eg likar å vere sosial med venner og familie.

**Velkommen til oss, Anna Cecilie!**

Sigurd Rotvik Tunestveit

## Salmeskatten

Den danske salmediktaren Nikolai Frederik Severin Grundtvig (1783-1872) diktet sin egen versjon av den gamle tyske middelaldersalmen "Christ ist erstanden" til Ludvig Lindeman sin melodi. Grundtvig har omformet salmen til ein mektig lovsong over påskas oppstodeunder. Bodskapen er understrekta i starten og slutten av kvar strofe: "Krist stod opp av daude / Åre være Gud i det høge!" Oversettinga til norsk var det Elias Blix som stod for i 1891.



**Andrew Paul Holman**  
Kantor

## Salme 195 - Krist stod opp av daude

Krist stod opp av daude  
i påskemorgonraude.

Så syng no høgt og sjeleglad  
hans kyrkjelyd i kvar ein stad:  
Åre vere Gud i det høge!

Krist stod opp med velde,  
han synd og daude felde.  
Så syng no høgt og sjeleglad  
hans kyrkjelyd i kvar ein stad:  
Åre vere Gud i det høge!

Krist stod opp med heider,  
han oss til himlen leier.  
Så syng no høgt og sjeleglad  
hans kyrkjelyd i kvar ein stad:  
Åre vere Gud i det høge!



**Møte  
Merkedag  
Minnesamvær**

**Leig lokale  
i Tunet!**

Informasjon og prisar får du ved  
å ta kontakt på [post.os@kyrkja.no](mailto:post.os@kyrkja.no)  
eller telefon 56 57 24 00



# STØTT VÅRE ANNONSØRAR!

## Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon  
**56 57 49 50**

Jorunn Moberg  
Agnetha Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette  
for pårørende som ønsker å gjera noko sjølv.  
Ope etter avtale. Brugata 50, Os.

[www.osgravferdsbyraa.no](http://www.osgravferdsbyraa.no)



Sag og høvleri

## DRANGE BRUK AS

Høvel- og skurdlast  
Panel - lister - golv  
Trykkimpregnerte materialar

### ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51  
5215 LYSEKLOSTER

## GRAVMINNEN

Stor salgsutstilling av  
nye monumenter

Tilføyelser / Oppussing



**STEINRIKET**  
EIKNER NATURSTEIN  
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN  
Tlf. 55 98 70 00

## TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300

e-post: os@travelnet.no | [www.verden.no](http://www.verden.no)

REISEGARANTI  
RGF  
FONDET

## Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR



Trenger du en elektriker?  
Ta kontakt med Geir Skarding:

**Mob. 91129784**

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, [elek-3@online.no](mailto:elek-3@online.no)

DRENERING • MURING • SPRENGING



**BOTNEVIK**

Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307  
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

## NMS GJENBRUK OS

MILJØ, MØTEPPLASS & MISJON

Opningstider: Måndag stengt, tysdag-fredag 11-17, laurdag 11-15



**Her finn du det meste  
- til ein rimelig pris!**

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á  
vis Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPPLASS MISJON



Følg oss på Facebook  
"NMS Gjenbruk Os"

**Vil du bli medarbeidar i  
NMS Gjenbruk Os?**

- Liker du å møta menneske?
- Har du nokre timer til overs kvar  
eller annankvar veke?
- Ønskjer du å vera med i ein triveleg  
fellesskap?

Ta kontakt med styreleiar Eirik Norheim (971 91 921) eller med ein av  
medarbeidarane i butikken!



Daniel Røksund  
938 26 432



Alexander Olsen  
473 80 260

# Vi kjenner Os

Tenker du på å selge? Med vår unike lokalkunnskap og lange erfaring kan vi løve deg et effektivt, trygt og forutsigbart boligsalg. Velkommen innom kontoret vårt i Os sentrum for en hyggelig boligprat.



Kom innom vårt  
kontor i Os sentrum



Ring oss  
915 05560



Kontakt oss på  
emvest.no

Kom innom  
kontoret vårt  
i Os sentrum.



EiendomsmeglerVest

# Kyrkjekryss



Vinnaren av forrige kyrkje kryss vart Hege Fredriksen på Lysekloster, gratulerer med flott premiekopp!

Send løysinga til post.os@kyrkja.no og ver med i trekninga du òg!

## KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

**PM Sælen & Co AS**

Tlf. 56 30 44 90



[www.jernia.no](http://www.jernia.no)

OSEAN	RUSLE	LI	GRET
	FARGE	PLAGDEL	KONK
OPP-DRETT		KAMMERS	KVITT BRØD
5	METALL- VERKSTAD	VÅT SNØ	GODT
	GLAN		SKRED
ARKBYGGAR	ANTREKK		STROPPEN
VHS	SJOKO- LADE		
PASS AUGEHAR		LIME	DYREHUS
			SKISSE
		BERGENSK PLAGG	
		INNE- HAVAR	
		ULLVASK	
		TAP	UFF
		BERGSTAD	
		ELVEBY	
		ÅRSAKEN	IKKE UT
		RA	
RADIO	FREL- STE	HJEL- PAR	GIGANTEN
HUNN- DRET	SKRÍK	FUG- LAR	ØYBUAR
GLOSE		LOKAL- SPELE- MANN	
HEILE	BOD- BERAR		ARBEIDS- GJENG
DIAMETER	BERG- SKRÅNING		NYNNAR
		FLÄTEN	SJOKO
SKIN			
MÖRK- NAR		MERK	
SNILL		STIGE	
SØK GUD			
	KULØR		
SPIS	ESKENE		
FELLE	LIKE		DER- MED
TIL- STEMMING		GLØTT	
		GUD	
		KLEM	
FUGLE- DANS	FOT- BALL KLUBB	OM- LENDING	MED ANDRE ORD
PREMIE	FØDE- KLINIKK PIBELSK KVINNE	GYM. ASSISTENT	VIRUS
TIL- BEREIDD	!	PJUSK	
		KRAV- LAR	

- Kva tid vart Nore Nese kyrkje innvigd?
- Kven la ned grunnsteinen i Nore Nese kyrkje?
- Kvar går årets dagsutflukt for eldre i kyrkjelyden tysdag 6.juni?
- Kva år vart Os stod den neverande Os kyrkje ferdig?
- Kva ord helsa folkemengda Jesus med då han reid inn til Jerusalem på Palmesundag?
- Kva dag i påska feirer vi at Jesus stod opp frå grava?
- Kvifor forbinder mange påsketida med gul farge?
- Kan du fullføre desse ordtaka?
  - Når sola daler i vest...
  - Smuler er også...
  - Jo fleire kokkar...
  - Den skal tidleg krøkast som...

# Quiz

Denne gongen er det føremiddagstreffet i Nore Nese kyrkje for seniorar som har laga spørsmål. Dei har plass til fleire rundt bordet på tysdagar - tek du utfordringa?

- 8 d) ...god krok skal bili
- 8 c) ...ji merre soł
- 8 b) ...brød
- 8 a) ...arbeider den late best
- 7) Truleg frå gammalt av knytt til sola som eit symbol på kraft og nyttiliv om våren
- 6) 1. paskedag
- 5) Hosianal (som tyder "Hjelpe", eller "Frelse")
- 4) 1870
- 3) Nørehemsund
- 2) Biiskop i Bjørgvin Ole Danbolt Hagesæther
- 1) 1. sundag i advent 2000.

# Fasit

## Kjære leser!

Har du bladd heilt hit, er du kanskje interessert i ei **aktiv og levande** kyrkje for alle i Os?

Hugs at du får skattefrådrag for gåver inntil 25000 kroner i året!

Du kan gje via VIPPS til #786791

Eller bruk kontonummer 3201.53.23484



Scann koden for å bli fast gjevar eller sende ei enkeltgåve!  
**TUSEN TAKK!**

**OS HAGESERVICE** {O} alt innen hage

Vi lager hageplan,  
murer, legger stein,  
lager plen og planter  
busker og trær.

56 57 66 77      99 00 80 80  
[www.oshageservice.no](http://www.oshageservice.no)



Totalentreprenør  
og byggmester.

dosen.no



**BJØRN  
DØSEN**



# Døypte

## 20. november

Oliver Nytrå  
Vilde Råheim Hoel  
Henrik Sælen

## 27. november

Oscar Mathias Lien-Brant  
Stella Eide  
Vilde Elise Unneland Vold

## 4. desember

Konstanse Prestegard  
Malvin Isene Holmefjord  
Jonas Kartveit Nielsen

## 11. desember

Daniel Solberg

## 18. desember

William Kjærgaard Rolland  
Kaja Aspnes Hovland

## 26. desember

Eskil Hauge Lyngstad

## 8. januar

Elias Skaalevik Pedersen

## 22. januar

Thale Gjelsvik Halhjem  
Amanda Haaland Rød

## 29. januar

Caroline Gabisan  
Eline Gjerd Thuen  
Ingrid Samnøy Glesnes

## 19. februar

Thea Sofie Sandven Sørås  
William Haugland Fauske  
Samuel Flesland Nord

## 26. februar

Ida Nordtveit Storum  
Sebastian Szczudlo Skage  
Hermine Østhushus  
Jakob Frantzen Eide

## 5. mars

Harriet Isabelle Nesbø  
Aksel Woods Vindenes  
Clara Annabelle Valencia  
Filip Quimson Fosse  
Sjur Frugård Skogen



# Døde

Berit Davanger  
f. 17.08.1943 d. 09.11.2022

Knut Inge Johnsen  
f. 23.02.1952 d. 19.11.2022

Helga Elida Gunderson  
f. 10.12.1928 d. 20.11.2022

**Kristian Hjemdal**  
f. 27.07.1946 d. 23.11.2022

**Inger Margrethe Fjellstad**  
f. 14.02.1936 d. 25.11.2022

**Grethe Marie Hadland**  
f. 10.06.1946 d. 27.11.2022

**Marta Hagevik**  
f. 29.01.1950 d. 01.12.2022

**Anna Navdal**  
f. 29.03.1933 d. 02.12.2022

**Inger Økland**  
f. 17.11.1938 d. 19.12.2022

**Tor Christensen**  
f. 03.11.1940 d. 21.12.2022

**Arne Sørstrønen**  
f. 08.02.1937 d. 23.12.2022

**Claus Petter Keyser**  
f. 25.10.1957 d. 26.12.2022

**Mara Kulasic**  
f. 10.04.1933 d. 27.12.2022

**Eva Aspnes**  
f. 04.12.1928 d. 30.12.2022

**Borgny Vangsnæs**  
f. 29.12.1928 d. 27.11.2022

**Britt Karin Nordland Pedersen**  
f. 17.02.1946 d. 18.11.2022

**Aslaug Bjørg Gjerde**  
f. 07.11.1934 d. 03.01.2023

**Laila Fjellberg**  
f. 19.10.1949 d. 10.01.2023

**Leif Arne Haukås**  
f. 09.08.1949 d. 14.01.2023

**Sigvald Øpstad**  
f. 03.12.1935 d. 14.01.2023

**Kjell Lie Olsen**  
f. 14.11.1941 d. 21.01.2023

**Hanna Heggland**  
f. 28.12.1931 d. 22.01.2023

**Ingunn Gerd Søvik**  
f. 04.01.1945 d. 25.01.2023

**Cecilie Haugland**  
f. 06.10.1939 d. 30.01.2023

**Laura Lyssand**  
f. 04.08.2026 d. 31.01.2023

**Karen Ådland**  
f. 15.12.1952 d. 11.02.2023

**Jan Rune Johannessen**  
f. 17.07.1966 d. 20.02.2023

**Ivar Harald Skeie**  
f. 27.06.1940 d. 25.02.2023

**Ivar Lepsøe**  
f. 19.10.1935 d. 26.02.2023

**Berit Johanne Grøndal**  
f. 02.07.1939 d. 02.03.2023

**Elsa Ingeborg Thomassen**  
f. 27.05.1938 d. 05.03.2023

Kvil i fred



DEN NORSKE KYRKJA

Os kyrkjelyd - Tilsette

## Sokneprest

Roar Hallesby Evjedal  
Tlf: 934 42 968 | E-post: re674@kyrkja.no

## Kapellan

Anette-Emilie Gangstø  
Tlf: 452 80 278 | E-post: at826@kyrkja.no

## Prostiprest

Svante Havåg  
Tlf: 922 47 639 | E-post: sh226@kyrkja.no

## Kyrkjeverge

Kristine Fjeld  
Tlf: 414 26 859 | E-post: kf253@kyrkja.no

## Dagleg leiar

Sigurd Rotvik Tunestveit  
Tlf: 938 69 109 | E-post: st575@kyrkja.no

## Kantor

Andrew Paul Holman  
E-post: ah292@kyrkja.no

## Diakon

Ingrid Vik  
Tlf: 450 51 212 | E-post: iv588@kyrkja.no

## Konsulent - økonomi/ gravplassforvaltning

Monica Refsdahl  
Tlf: 456 52 830 | E-post: mr346@kyrkja.no

## Konsulent - administrasjon/utleige

Inger-Johanne Haugland  
Tlf: 457 13 710 | E-post: ih985@kyrkja.no

## Kateket

Gro Helen Blindheim Skjælaaen  
Tlf: 452 78 575 | E-post: gs234@kyrkja.no

## Barne- og familiearbeidar

Sylvi Lundgren  
Tlf: 475 04 327 | E-post: sl828@kyrkja.no

## Trusopplærar, frivilligkordinator

Elisabeth Saxe Vinkler  
Tlf: 456 52 788 | E-post: es295@kyrkja.no

## Ungdomsarbeidar

Hanne Terese Skjervheim  
Tlf: 990 85 475 | E-post: hs444@kyrkja.no

## Kommunikasjonsmedarbeidar

Martin Bakke Slåttsveen  
Tlf: 986 66 456 | E-post: mb369@kyrkja.no

## Driftsleiar

Kenneth Molland  
E-post: km893@kyrkja.no

## Kyrkjegardsarbeidar, kyrkjeterar

Agnar Midtsæter  
Lars Joar Hilleren  
Linn Kjerstin Østgulen  
Terje Rød

## Kyrkjegardsarbeidar

Marianne Tveit  
Øyvind Dreyer

## Kyrkjeterar

Jakob Nygard  
Hanne Dahl



# BARNAS

## Finn 10 fiskar

I rutenettet gøymer det seg namnet på 10 forskjellige fiskeartar. Leit bortover og nedover. Klarer du å finne alle?

T	O	M	S	I	L	P	Å
V	E	R	L	H	A	R	R
I	T	O	R	S	K	R	Ø
G	J	R	H	E	S	M	K
G	J	E	D	D	E	A	K
A	V	T	B	I	U	K	Æ
B	Ø	R	R	E	T	R	O
B	L	N	U	Q	S	E	I
O	M	F	Y	S	I	L	D
R	K	I	S	T	Å	L	V

- Doktor, eg trur eg kan sjå inn i framtida.
- Kor lenge har du hatt det slik?
- Sidan neste tirsdag.

## Vitsar

- Kva kallar ein ungane til ein sau?
- Bæbyar

## Finn fem feil!

Her får disiplene masse fisk. Dei to biletene er nesten heilt like, men kan du finne dei fem feila på biletet til høgre?



Teikning: Claudia Chiaravalloti



Gje barnebladet  
Barnas til eit barn  
du er glad i!


Desse oppgåvene er  
henta frå bladet.

Bestill abonnement  
på [sondagsskolen.no](http://sondagsskolen.no)  
eller 22 08 71 00



## Labyrint

Kan du hjelpe fisken å komme seg gjennom labyrinten?



# INFORMASJON

Be  
Rigge  
Bake  
Dirigere kor  
Stable stolar  
Skysse  
Deler ut program  
Pynte  
Sitte i  
utval  
Moppe  
Heise flagg  
Spele  
Leir-leiar  
Leksehjelp  
Nattevakten  
**Trakte kaffi**  
Selge  
lodd  
**Ynskje velkommen**  
Assistere  
Vedlikehalde  
**Vertskap**  
**Reparere**  
**Opne**  
Barnesamling  
Språkkafé<sup>kveldsmat</sup>  
Skrive<sup>Samle inn</sup>  
gevinster<sup>Gje</sup>  
**Vaske opp**  
Konfirmantgrupper  
Besøke einsamme<sup>Ta</sup>  
Lage<sup>bilete</sup>  
lyd<sup>styre</sup>  
**Filme**

**Os kyrkjelyd**

Postboks 209  
5202 Os

Kyrkja vår bygger vi i lag.  
Det er bruk for deg!

## Os kyrkje

02.04.2023	11:00	Familiegudsteneste, Dåp
07.04.2023	12:00	Pasjonsgudsteneste
09.04.2023	11:00	Høgtidsgudsteneste, Dåp, Nattverd
	17:00	PU-gudsteneste, Nattverd
16.04.2023	11:00	Dåp, Nattverd
23.04.2023	11:00	Nattverd
30.04.2023	10:00	Dåpsgudsteneste
	11:15	Nattverd
07.05.2023	10:30	Konfirmasjon
	12:00	Konfirmasjon
	13:30	Konfirmasjon
13.05.2023	10:30	Konfirmasjon
	12:00	Konfirmasjon
	13:30	Konfirmasjon
14.05.2023	11:00	Dåp, Nattverd
17.05.2023	10:00	Gudsteneste
28.05.2023	11:00	Høgtidsgudsteneste, Dåp, Nattverd
04.06.2023	11:00	Jazzmesse, Nattverd
11.06.2023	10:00	Dåpsgudsteneste
	11:15	Nattverd
18.06.2023	11:00	Dåp, Nattverd
25.06.2023	11:00	Dåp, Nattverd
02.07.2023	11:00	Dåp, Nattverd

09.07.2023	11:00	Dåp, Nattverd
16.07.2023	11:00	Dåp, Nattverd
23.07.2023	11:00	Dåp, Nattverd
30.07.2023	11:00	Dåp, Nattverd
06.08.2023	11:00	Dåp, Nattverd
13.08.2023	11:00	Dåp, Nattverd
20.08.2023	11:00	Dåp, Nattverd
27.08.2023	11:00	Dåp, Nattverd

## Nore Neset kyrkje

06.04.2023	19:00	Nattverd
16.04.2023	11:00	Dåp, Nattverd
30.04.2023	11:00	Familiegudsteneste, Dåp
06.05.2023	10:30	Konfirmasjon
	12:00	Konfirmasjon
	13:30	Konfirmasjon
14.05.2023	12:00	Konfirmasjon
14.05.2023	13:30	Konfirmasjon
21.05.2023	11:00	Dåp, Nattverd
27.08.2023	19:00	Forbønsgudsteneste, Nattverd
	11:00	Dåp, Nattverd
29.05.2023	11:00	Gudstjeneste, Dåp
20.08.2023	11:00	Gudstjeneste, Dåp

## Lysekloster kapell